

TRÅDSOLER

yver den gråsvarte audni.

Ein tre-

høg tanke

tek ljostonen: det er

framleis songar å syngja burtum

menneski.

Paul Celan

til norsk ved Olav H. Hauge


Når Vestlandske Kunstindustrimuseum i år har invitert Åse Ljones til å stille ut under festspilltiden i Bergen, er dette fra museets side et ledd i en bevisst og systematisk presentasjon av norsk tekstilkunst. Tekstilkunsten er i Norge på et høyt internasjonalt nivå, og Ljones er en av fagets ypperste utøvere. Museets ambisjon er å vise bredde, variasjon og mangfold i en kunstart som har utviklet seg fra håndverksorientert brukskunst til et selvstendig kunstnerisk medium. Tekstil er samtidig en «kjønnet» kunst. Derfor kan kunstarten stå som en metafor for kvinnenes erobring av kunstsfæren. For nettopp kvinnes markante tilstedeværelse på kunstfeltet er nytt i historien og et fingermerke ved dette hundreåret.

Åse Ljones bor og arbeider i Bergen. Hun er sterkt regionalt forankret både i uttrykket sitt og i det meningsrommet hun forholder seg til. Denne bevisste stedsorienteringen har, paradoksalt nok, ført henne i kontakt


med fremmede og eksotiske kulturer og gjort henne internasjonalt orientert. Slik er Ljones en kunstner som gjør abstrakte begreper håndgripelige: Hennes kunst blir et møtepunkt mellom en sterk lokalforankret kulturbevissthet og en offensiv, selvhevdende internasjonal kunstverden. Forfatteren Jon Fosse uttrykker dette slik i teksten som er skrevet til Åsje Ljones utstilling:

(...) eg lærde noko om at dei beste kunstnarane, i alle fall dei eg bryr meg om, gjennom å arbeide seg inn i nyansane i det eigne lokale og provinsielle, om dei gjer det med stort og sensibelt nok talent, også arbeider seg fram til det universelt gyldige, til noko som tar i vare det eigne, og som samstundes gjer det forståeleg for andre.

Bergen i mai 1999


Jorunn Haakestad
direktør

HELSAR PÅ REGNET
br. 2,18 h.2,80 (gummi)



EG SER HENNAR MINNE ATT

I

Då eg var ung litteraturstudent, kom ein dag Olav H. Hauge på besøk til Universitetet i Bergen for å lese opp der. Og det var ei stor oppleving for meg, for det Hauge på sett og vis der gjorde for meg, var å føre det språk og den kultur eg kjende frå min eigen barndom saman med den europeiske litteraturen eg som student dreiv og las og levde meg inn i. Det gjorde Hauge gjennom, sjølv-sagt, å skrive så gode dikt som han gjorde, men han gjorde det òg gjennom i sine utruleg gode gjendiktingar å skrive sentrale namn frå den lyriske modernismen, som Georg Trakl og Paul Celan, inn i mitt eige språk, og sjølv sagt skreiv han også mitt eige språk inn i deira språk.

Og Hauge gjorde dette utan på noko vis å gi slepp på lyden og røyntla i hans eige, det var tvert imot gjennom hans personlege foredling av det eigne at han

fann fram til dei nyansane i det framande som gjorde at gjendiktingane hans blei så samsvarande med originalane, så kongenialt gripande.

Dette var kanskje noko av det estetisk viktigaste eg fekk med meg i dei mange og lange studieåra mine, eg lærte noko om at dei beste kunstnarane, i alle fall dei eg bryr meg om, gjennom å arbeide seg inn i nyansane i det eigne lokale og provinsielle, om dei gjer det med stort og sensibelt nok talent, også arbeider seg fram til det universelt gyldige, til noko som tar i vare det eigne, og som samstundes gjer det forståeleg for andre.

Når eg så mange år seinare støyte på arbeida til ein annan harding, til sambygdingen min Åse Ljones (vi voks opp omtrent samstundes i Strandebarm), så opplevde eg noko av det same. For i hennar bilete (for no å kalle dei det) blir også det eg kjenner som mitt eige,

det tause men alltid nærverande i den verd der eg voks opp, gjort synleg, trekt fram, slik at eg, då eg såg bileta hennar, såg noko eg liksom alltid hadde visst om at var der utan likevel å vite om det fordi eg aldri før hadde sett det framstilt i sin vakre essens.

I bileta til Åse Ljones blir noko som før var i det skjulte, i det tause, så å seie møysommeleg arbeidd fram i mønster av gjentaking og variasjon, for bileta til Åse Ljones er store arbeid, til dømes er dei tusentals korte gummitappane som til saman utgjer kvar einaste strimle i installasjonen Trådsoler, klypte ut ein for ein i nokre centimeter lange lengder og så for hand sydde saman til si fleire meter lange fulle lengde, eller slik dei korte gummitappane som samla utgjer den sirkulære «jorda» først er klypte til ein for ein og så med stort putl ein for ein er sett inn i maskane i ei brislingnot.

II

Og for meg i alle fall er det dei møysommeleg arbeidande menneska, slitarane, som dei gjerne blir kalla, som får sin venleik tatt ut frå det skjulte og gjort synleg i arbeida til Åse Ljones, det er dei tause menneska, dei stille i landet, som dei òg gjerne blir kalla, dei som bur for seg sjølv i sine små bygder, dei som er meir kjende for å teie enn for å tale, dei som styrer jamt på med sitt, dei som teier når dei andre talar, det er dei som får sin venleik framstilt, ein venleik dei så godt kjenner til, men som du aldri får dei til å snakke om. Dei seier det ikkje. Du får dei aldri til å seie det. Dei berre veit det. Og når venleiken er der, kan du merke det som eit drag i andletet, som ein nyanse i setninga. Men dei seier det aldri. For det er ikkje noko ein skal snakke om, det er heller noko ein skal teie om, la vere i det skjulte, for det er ein stad der inne i det tause venleiken kjem frå, og den blir jo så forvandla,

og så øydelagd, om ein med desse kantete orda skal seie noko om den. Venleiken forsvinn jo då, blir til noko anna, så ein skal la den vere der, i det skjulte, vere der som noko like sjølvsgagt som useieleg. Som noko som er til stades utan at det kan sjåast som noko bestemt, men den kan jo likevel sjåast i dette lyset som alltid forandrar seg og som forgjer landskapet og får fjorden til aldri å sjå heilt lik ut.

Og så skal endeleg bilete lagast, så skal biletet få bere det fram, taust, men synleg, slik at det blir synleg også for dei andre. Bilete skal lagast, bilete der det regnar i det lysande mørkret som finst der inne i ein, som ei minning om ein gong for lenge sidan i ein liten robåt på fjorden, og sidan har ein vel alltid prøvd å forstå dette regnet i mørkret, dette regnet i lyset ein dag på fjorden då bakkane var så gråe, nesten svarte var bakkane. Og trea var

også så svarte, som om dei aldri meir vil bli til lysande grønne verder. Så svarte var dei. Og så dette regnet, dette mørkret, dette lysande mørkret.

Og bølgiene, som går der ute i fjorden, og som også bevegar seg der inne i ein, bevegar seg som noko dei andre aldri kjem til å forstå, jo forresten, det er nett det ein skal prøve på, ein skal prøve å vise korleis det kan lyse frå dei svarte trea i regnet medan det mørknar og det er langt til folk og ein er så heilt åleine, der i skogkanten, der nede i fjøra, nett det skal ein seie frå om. Korleis det tause kan fylle ein med uforklarleg meining, det skal visast fram, for dei som skjønar, for dei som ikkje skjønar. Det skal livet dreie seg om.


Og så dei kvite sauene der dei spring og forvandlar seg midt framfor auga på ein og blir til kloke skapnader frå

ein barndom forvandla og forsvunnen inn i si eiga syngande rørsle, som blir større, blir mindre, blir tydeleg som svart lysande tolmod, sting for sting, sting inn i ei rørsle av tapt venleik som ingen andre veit om, ein venleik som ingen andre kjenner til, og som må gjenvinnast, og derfor må det gjerast, derfor må arbeidet møysommeleg fullførast, dag etter dag, med gjentakingar, jamne sting der lite verdsette materialar blir like vakre som lite verdsette menneske, som no er borte, slik kanskje også bileta skal forsvinne og blir borte med sine skjøre, forgjengelege materialar, men først skal det visast, med jamt arbeid, gjentakingar som manar fram denne uforklarege skimminga, dette som finst i det skjulte og som berre dei innvigde kan sjå om det ikkje blir gjort tydeleg, blir til bilete som ber fram dei mange hundreårs tause skoding av det alltid liknande, alltid forskjellige, i gjentaking og variasjon. Ufråkommeleg, ubegripeleg. Og vakkert, vakkert

så ein kjenner seg fryse til mørker og kjenner seg forsvinne ut i den tomme natta over fjorden der dei no er, alle dei som for lengst er døde, dei ein saknar.

III


Men sjølvsgagt er bileta til Åse Ljones så mykje meir enn dette, i dei er heile tida ein hypermoderne taktil sensibilitet, ei kvinneleg fintmerkande stø hand, og det er jo den som gjer at alt det andre får stå fram, og det gjerne, heilt sjølvsgagt og upolemisk, midt i all den moderne akutte sensibilitet, som gammaldagse og lite verdsette kvinnelege verdiar som omsut, ivaretaking, verning, og vilje til lys, verdiar som også så godt kunne merkast i det mi eiga kjære bestemor Hedvig Fosse var og gjorde. Eg ser hennar minne att i arbeida til Åse Ljones.



HELSAR PÅ VINDEN
3 x 3m (gummi)



VANDRING MOT SØR
2,90 x 2,90 (*klipt gummi*)



I SEE MEMORIES OF HER AGAIN

I

When I was a young literature student, Olav H. Hauge came to visit Bergen University one day to give a reading there. And that was a great experience for me, for in a way what Hauge did for me was to bring together the language and the culture I knew from my own childhood with the European literature I was busy reading and living my way into. Hauge did that, of course, by writing such good poetry as he did, but also by writing central names from modern lyrical poetry, like Georg Trakl and Paul Celan, into my own language with his incredibly good translations, and of course he also wrote my own language into theirs.

And Hauge did this without in any way giving up the sound and experience of what was his own; on the contrary it was through the personal refining of what was his own that he found his way to the nuances in what was foreign, which made his translations correspond so well to the originals, and become so sympathetically gripping.

This was perhaps the most esthetically important experience I had during my many, long years as a student; I learned something about the fact that the best artists, in any case those I am interested in, through working their way into the nuances of their own local and provincial experience, if they do it with a talent that is great and sensitive enough, also work their way up to what is universally valid, to something that conserves what is his own, and that at the same time makes it understandable to others.

When I so many years later came upon the work of another native of Hardanger, of Åse Ljones from my own village (we grew up at about the same time in Strandebarm), then I experienced something of the same. For in her images (if I may call them that) there is also something I recognized as my own, that which is silent but always present in the world where I grew up, something made visible, drawn forth, so that I, when I saw her images, saw something I seemed always to have

known was there without nevertheless knowing it, because I never before had seen it depicted in its beautiful essence.

In Åse Ljones' images something that before was in the world of the hidden, of the silent, was so to speak laboriously realized in repeated and varied patterns, for Åse Ljones' images are large-scale works; for instance the thousands of short, thin pieces of rubber that together form every single hanging strip in the installation called Thread-suns, are cut out one by one in pieces some centimetres long and then sewed together by hand to their full length of several metres, or, similarly, the short rubber pieces that together form the circular «earth» are first trimmed one by one and then by great busy-work set one by one into the threads of a small-mesh fishing net.

II

And for me in any case it is the laboriously working people, the drudges, as they are usually called, whose beauty is taken from its hidden place and made visible in Åse Ljones' work; it is the silent people, the quiet ones of the land, as they are also usually called, those who live by themselves in their small communities, those who are better known for their silence than for speech, those who manage their affairs with an even hand, those who are silent when the others speak, it is they whose beauty is depicted, a beauty they know about so well, but which you never get them to talk about. They don't speak of it. You never get them to speak of it. They just know it. And when the beauty is there, you can perceive it as a twitch of the face, as a nuance in the sentence. But they never speak of it. For it isn't something one must talk about, it's something one must be silent about instead, must leave in its hidden place, for it is a place there in the silence the beauty comes from, and it becomes so changed

and so ruined, you know, if one says anything about it with these rough words of ours. The beauty disappears then, becomes something else, so one must let it rest there, in its hidden place, rest there as something as obvious as it is unsayable. As something that is there but can't be seen as something definite, but can nevertheless be seen in this light that always changes and bewitches the landscape and makes the fjord never look quite the same.

And then images must be made at last, then the image must bear that something forth, silent but visible, so that it becomes visible for the others too. Images must be made, images where it rains in the shinging darkness that is found there within one, as a reminder of a time long ago in a little rowboat on the fjord, and later one has no doubt always tried to understand this rain in the darkness, this rain in the light one day on the fjord when the hills were so grey, when the hills were almost black. And the trees were so black, too, as if they would never again become shining green worlds. That's how black they were. And then this rain, this darkness, this shining darkness.

And the waves, which pass by out there in the fjord, and which also move within one, move like something the others are never going to understand, though in fact that's just what one must try to make happen; one must try to show how there can come a shining from those black trees in the rain as the darkness comes and it is a long way to people and one is so completely alone, there on the edge of the woods, down there on the shore, just that must one tell about. How what is silent can fill one with inexplicable meaning, how it must be displayed, for those who know, for those who don't know. That is what life must revolve around.

And then the white sheep frisking and changing right before


one's eyes and becoming wise shapes from a childhood that has changed and disappeared into its own singing movement, which grow larger, grow smaller, grow clear as black shining patience, stitch by stitch, stitches into a movement of lost beauty that no one else is aware of, a beauty no one else knows about, and that must be regained, and therefore it must be made, therefore the work must be laboriously carried out, day after day, with repetitions, uniform stitches where little appreciated materials become as attractive as little appreciated man, who now is gone, so that perhaps the images, too, must disappear and vanish with their fragile, transitory materials, but first it must be displayed, with uniform work, repetitions that conjure forth this inexplicable glimmering, this that is found in what is hidden and that only the dedicated can see if it isn't made explicit, isn't made into images that convey the many centuries' silent viewing of what is always similar, always different, in repetition and variation. Inescapably, incomprehensibly. And beautifully, beautifully so that one feels oneself freeze into darkness and feels oneself disappear into the empty night over the fjord where they now are, all of those who died long ago, those one misses.

III

But of course Åse Ljones' images are so much more than this; there is always a hypermodern tactile sensibility, a steady, sensitive feminine hand, and that is indeed what makes the rest stand out, and that freely, quite obviously and unpolemically, amidst all the acute modern sensibility, as old-fashioned and little appreciated feminine values like feeling concern, tending, sheltering and desiring light, values that also could as well be noted in what my own dear grandmother Hedvig Fosse was and did. I see memories of her again in the work of Åse Ljones.

Jon Fosse
translated by Louis Muinzer

BLACK COTTON SOIL III
br. 2,73 h.2,90 (kript gummi)





Åse Ljones
b. 1954,
Strandebarm, Norway

Addresses:
USF - Ateliegruppen
Georgernes verft 3
N-5011 Bergen - Norway

von der Ohesv.4
N-5035 Bergen - Norway

Tel. (+47) 95214978
Priv. (+47) 55321633
Fax. (+47) 55321633
E-mail: aa-l@online.no

Utstillinga er støtta av:

Norsk kulturfond
Bergen kommune kulturavd.
Biletkunstnaranes vederlagsfond
Norske Kunsthandverkere
Ingrid Lindbäck Langaards stiftelse

EDUCATION:

Art School Bergen 1983-84
National College of Art & Design, Bergen 1984-89

SOLO EXHIBITIONS:

The Museum of North Cape 1989
The Museum of Osterøy 1990
Kunstnerforbundet, Oslo 1991
Regional Art Center, Bergen 1991
Regional Art Center, Østfold 1991
Regional Art Center, Sogn&Fjordane 1995
Gallery Ram, Oslo 1996
The ancient Vicarage of Søgne 1997
The West Norway Museum of Applied Art,
Festival exhibition-Bergen 1999

GROUP EXHIBITIONS:

Western Norway Exhibition
The National Autumn Exhibition
Annual Exhibition of Art Crafts
The Museum of Bryggen, Bergen 1987
Hardanger Museum of Folklore 1987
Regional Art Center, Svolvær, Norway 1989
Art Exhibition of Vevring 1989
International Biennial
of Miniature Textiles, Hungary 1990
"Tendences" Gallery F15, Moss 1991/98
"Kryss-Crossing Borders-Bergen 1993
Festival Exhibition USF-Bergen 1993
UNESCO-Paris 1993
The Triennale of Nordic Textile 1993
The Norwegian Folkmuseum,Oslo 1994
"Sirkulasjon"- Kunstnerforb.,Oslo 1995
The Pioneers, Cardiff Wales,UK 1995
The Regional Art Center-Akershus 1995
The Coast Museum,Florø 1996
"Useless Things",Tallin, Estonia 1997
"TXX" The West Norway Museum
of Applied Art, Bergen 1997
TXX-USF Bergen -
Exhibition of miniature textiles 1997
The Textile-triennale,Tournai, Belgium 1997
Sandefjord Arts Association 1998
Gallery Petri, Rostock, Germany 1998
The National Exhibitions 1998/99
Norwegian Contemporary Textile, UK 1999
The Regional Art Center, Svolvær, Norway 1999
The Vicarage of Hå, Norway 1999
Gallery Ram, Oslo,Norway 1999

COLLECTED BY:

District Gallery of Sogn & Fjordane 1989
Council of North Cape 1989
Norwegian Council of Culture 1989
The Trondheim Museum of App.Art 1991
Oslo Art Association 1996
Oslo Museum of Applied Art 1987/96
West Norway Museum of App.Art 1992/96
Ministry of transport, Norway 1998

COMMISSIONS:

The Adm.Bldn. of Sogn & Fjordane 1991
Bokkotunet, Odda Norway 1997

PRIZES:

The Prize of Art Crafts 1992

SCHOLARSHIPS:


The National Scholarship for Young Artists 1991
Bergen Council Scholarship for Artists 1992/98
Hordaland County's Scholarship for Artists 1993
The National Scholarship for Artist Material 1993
The National 3 yrs. Scholarship for Artists 1995
Ministry of Cultural Affairs Exhibition Grant 1994/95/98
The National Scholarship
for Artists,Travel & Study 1990/98
Ingrid Lindback Landgaards Foundation 1999
Compensation Fund Grant 1992/94/98/99

STUDY TRIPS:

Budapest 1985
New York 1986
Senegal 1988
Copenhagen 1992
Paris 1993
Botswana Zimbabwe,South Africa 1995
Portugal 1998

MEMBERSHIPS:

NBK (Norwegian Artists' Union)
NK (Norwegian Association for Arts and Crafts)
NTK (Norwegian Textile Artists)



Del av installasjonen TRÅDSOLER
diam. 3m (svampesnor, brislingnot)